

22 AUG 2018



Kjartan Rødland

Øyravegen 47, N-5723 Bolstadøyri

Tel 56 52 12 17 mobil 944 77 401 E-post: kjartan.rodland@gmail.com

Beate Husa

Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

KULTURELT SENTRUM I „NYE“ NORDHORDLAND

I ei tid har eg vore med i arbeidet med å skapa eit kulturelt sentrum for Nordhordland med utgangspunkt i den vidkjende Tjorehagen på Radøy, og sjølvstogt dei einaståande Olav R. Tjoresamlingane

Frå 1. januar 2020 vert Meland, Radøy og Lindås slutta saman i den nye Alver kommune, som vert på bortimot 25 000 menneske, altså på same storleik som Askøy og den nye Øygarden kommune. Vi har alt sendt materiale til prosjektgruppa for den nye kommunen, og dessutan til dei politiske partia som kjem til å stilla lister ved kommunevalet neste år – ikkje minst til dei som skal laga valprogram for den nye kommunen, og dermed vil dra opp dei store linene for korleis den nye kommuneininga skal utvikla seg i framtida. Vi vonar – og trur – at partia vil ta denne utfordringa, og ikkje berre vera opptekne av dei meir tekniske og byråkratiske sidene ved nykommunen.

Alt tyder på at det gode samarbeidet med kommunane Fedje, Austrheim og Masfjorden vil halda fram i det aktive regionrådet for Nordhordland når det gjeld tiltak for å fremja kultur og regional utvikling etter at Alver kommune er kome i arbeid. Eg har tillete meg å send brev om denne saka til die tre ordførarane.

Men dersom ein held fast ved prinsippet om at nye Alver kommune skal verta positivt hopehav for alle frå Skjelanger i vest og Nordhordlandsbrua i sør, til Mongstad og Romarheim i nord, er det sjølvstogt viktig å få eit godt samarbeid med Hordaland fylkeskommune

Eg hadde gleden av å oppleve dei store resultatane som kom med museumsreforma i Hordaland då eg var med i arbeidet for å sikra Vestnorsk Utvandringscenter på Sletta ei trygg framtid, med ei lykkeleg løysing då senteret vart konsolidert inn i Museumssenteret i Salhus. Idealisttiltaket Bjørn West-museet i Masfjorden fekk god hjelp av Herdla Museum, og Tjoresamlingane i Radøy har fått hjelp av Osterøy Museum til lagring og sikring i vente på ei meir permanent løysing.

Det der no gått såpass mange år sidan museumsreforma at ein trygt kan tenkja på naturlege justeringar i strukturen, Folket i det om snart vert Alver kommune har gjennom mange år lagt vekt på at eit kultursenter som også vil vera eit naturleg føresetnad for å sikra dei mange kultur- og historieminna som dette distriktet er så rikt på. Tjorehagen er ein eigedom på ca. 40 mål, og med romsleg plass til å utvikla eit naturleg konsolidert samlemuseum. Radøy kommune har alt sytt for regulering som tek omsyn til eit framtidig kultursenter. Med den vedtekne Nordhordlandspakka vil vegnettet i noverande Radøy kommune utvikla slik at Tjorehagen vil vera lett tilgjengeleg, også for Bergen. og ikkje minst for reiselivet som kan breia ut og avlasta Bergen for alt for store påkjenningar.

Arbeidet med kultursenter i Tjorehagen er enno i ein startfase, og har enno ikkje den organisasjonen som vil trengast, men velviljen og kontaktnettet er stort.

Eg vonar at Utvalet for kultur, idrett og regionutvikling vil finna det naturleg å drøfta saka på brei basis, gjerne i samarbeid med Alver kommune og dei tre samarbeidskommunane i Nordhordland. Vedlagt fylgjer orienteringa som er sendt til prosjektruppa for nye Alver kommune, og til dei politiske partia i nykommunen. Eg legg også ved nokre sider av den 58 siders katalogen over samlingane. Brevet inneheld ei opplysningar som trengst i vurderinga no, men vi kan gjerne tilby meir informasjon om de trengst – skriftleg eller i eit møte!

Beste helsing



Kjartan Rødland